

Retningslinjer for kommunal støtte til enkeltprosjekt/tiltak/bedrifter

For å stimulere til vidare samfunns- og næringsutvikling, opnar ein for at kommunen i særlege tilfelle, etter politisk vurdering, kan gje bidrag/økonomisk støtte til einskildbedrifter/ enkeltprosjekt, jf. Næringsplanen.

søknadsfrist den 1.april og 1.september

Skjema for søknaden ligg på heimesida under næring, landbruk og naturforvaltning, finansiering og støtteordningar
Søknadane vert vurderte i høve til desse retningslinene.

Commented [KE1]: Takast vekk

Commented [KE2]: Takast Vekk, ev til fortløpande

Rammer:

- Søknaden må gje ein utfyllande beskriving av /prosjektet/tiltaket/bedrifta.
- Det skal vektleggast om prosjektet/tiltaket/bedrifta bidrar til å etablere eit nytt tilbod som ikkje eksisterer i kommunen frå før.
- Søkar må ved søknad leggje fram ei grundig marknad og økonomisk analyse for heile prosjektperioden. Den økonomiske analysen må også innehalde eit likviditetsbudsjett/investeringsbudsjett og eit oppsett på finansiering.
- Lønnskostnader kan ikkje utgjera meir enn 40% av budsjettet.
- Søkar må i søknad kunne vise til tilstrekkeleg eigenkapital.
- Tilskottet som ytast kan ikkje overstige 30% av kapitalbehovet, med unntak av tiltakshavar under 41 år som ikkje kan overstige 50 %. Om det er ei bedrift som mottar stønaden må direkte kontroll og største delen av eigarskap av bedrifta vera av personar som er 41 år eller yngre.
- Søkar pliktar å opplyse om søkar tidlegare har mottatt eller fått tilsegn om annan finansiell støtte til tiltaket/prosjektet/bedrifta.
- Tilskottet må vera i tråd med gjeldande EØS-reglar for bagatellmessig støtte. Samla offentlig støtte kan ikkje overstige 300.000 euro over ein periode på 3 rekneskaps år.
- Vurdere om verksemda/organisasjonen unnateke EØS regelverket.
- Ein må i saksutgreiinga vurdere om tiltaket/prosjektet/bedrifta vil/kan bidra til etablering av nye (fulltids) arbeidsplassar (i privat sektor i kommunen).
- Søknader om støtte skal handsamast politisk, ev administrativt ved søkje beløp under kr 40 000,- og innom løyvd budsjetttramme til næringseininga.

Commented [KE3]: Minst 20% eigenkapital

Commented [KE4]: Kan utnyttas spekulativt, held seg til 30%

Commented [KE5]: Takast vekk

Fylgjande skal bli vurdert når søknaden handsamast:

- Om tiltaket/prosjektet vil bidra/føre til auka verdiskaping og sysselsetting i Vinje kommune
- Om føresetnadar, planar og budsjettar er realistiske og om tiltaket/prosjektet gir gevinst og at kontantstraum viser positivt resultat.
- Er i tråd med Vinje kommune sin plan for klima, berekraft og miljø
- Er i tråd med Vinje kommune sin reiselivsplan
- Er i tråd med Vinje kommune sin landbruksplan
- Om tiltaket/prosjektet vil bytte ut maskinpark/utstyr/produksjon med ny teknologi og/eller klimavenlege løysingar
- Innovasjonsgrad - kor nyskapande er tiltaket/prosjektet eller bedriftas øvrige verksemd?
- Om støtta er avgjerande for at tiltaket/prosjektet/bedrifta skal kunne gjennomførast.
- For store bedrifter må støtta også bidra til endring i omfang, størrelse, gjennomføringsfart eller ressursallokering som ikkje ville skjedd utan støtta.
- Om bedrifta har evne til å gjennomføre tiltaket/prosjektet og utnytte resultatene av det
- Bedriftas konkurransevne og ev konkurransevriding
- Støtte til drift kan kun i særskilte høve gjevast og skal grunngefast godt.
- Relasjonen til eventuelle samarbeidspartnarar som er kritiske for bedrifta eksistens og leveringsevne, eller som skal bidra med kompetanse eller finansiering i tiltaket/prosjektet

Commented [KE6]:sine planar og strategiar.

- Sikkerhetsdekning for lån og bedriftas evne til å betene gjeld
- For saker som gjeld næringsstøtte skal kvalitetssikrings skjema følge saka. I saksutgreiinga skal det tydeleg koma fram om søknaden oppfyller retningslinjene eller ikkje

Det blir ikkje gjeve tilskott til:

- Innkjøp av varelager og investeringar i lett omsettelege varer
- Transportmidlar, firmabilar og vedlikehald av desse
- Aksjekjøp (emisjon, eller medlemstilskott i andre organisasjonar)

Utbetaling:

1. Når det i prosjektet har påløpt meir enn halvparten av budsjetterte kostnader, kan halvparten av løyvd tilskott utbetalast. Påløpte kostnader skal dokumenterast og stadfestast av godkjent regnskapsfører
2. Når tiltaket er gjennomført skal det leverast ein sluttrapport med tilhøyrande rekneskap
3. Tilskottet utbetalast høvesvis etter godkjent rekneskap, likevel ikkje utover vedtatt tilsegnsbeløp
4. Viss ikkje tilskottet er oppmoda utbetalt i samsvar med vedtak som ligg til grunn for løyvinga innan 2 år frå vedtaksdato, vil tilskottet automatisk falle bort. Det kan søkast om utsetting. Søknad om utsetting må vera velgrunna og sendes Vinje kommune seinast 2 månader før fristens utløp
5. Prosjektet/bedrifta som har mottatt tilskott, får ei bindingstid i Vinje kommune på 10 år, og rekneskap for drifta skal vera tilgjengeleg for Vinje kommune dei første 5 år etter at tilskottet blir gitt
6. Dersom bedrifta avviklar eller flyttar frå kommunen før bindingstida er ute, kan tilskottet krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis.
7. Tiltakshavarar under 41 år kan be om 50 % av kostnadene ved oppstart.
8. Endring av eigarskap eller kontroll av bedrifta i løpet av prosjektperioden må orienterast til kommunen, om dette fører til større endringar i prosjektet kan kommunen vurdere å trekke stønaden